



UNIVERSITETET I BERGEN

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref

11/763 NBA:amb

Vår ref

2010/6389-MOR

Dato

11.06.2012

Høyring - Forslag om endring av Lov om Folkebibliotek

Vi syner til brev datert 8.03.12 om endring i lov 20.desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek som oppfølging av bibliotekmeldinga.

Etter samråd med universitetsbiblioteket, vil universitetet kome med desse merknadene:

Norske bibliotek er del av eit nasjonalt system, med samhandling over sektor og institusjonsgrenser. Kostnadene til transport har auka den siste tida og fjernlånstenester er vorte eit problem. Kostnadene vert fordelt slik at det medfører ein vesentleg meirkostnad for dei biblioteka som er nettoytarar i det nasjonale systemet. Føremålsparagrafen inneheld formuleringane "gratis til disposisjon for alle som bor i landet" og "Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem" (§1). Av tradisjon og utan lovpålegg tek universitetsbiblioteka del i eit «omfattende samarbeid i biblioteknettverket» (s.2), samstundes gjer aukande kostnadene dette vanskelegare. Slik står ein over for eit paradoks som vanskeleg kan løysast utan koordinering på nasjonalt nivå. Samlingane til UH-biblioteka dekkjer ein dobbel funksjon, for lånarar ved eigen institusjon og for lånarar med særlege behov andre stader. På same måte er folkebiblioteka i nokon mon som bibliotek for institusjonane sine fjerntudenter.

Vi vil føreslå at Nasjonalbiblioteket i større grad får ansvaret for og tek kostnadene med å vere fjernlånsbibliotek, med ei transportordning for fjernlånssamarbeidet. Folkebibliotek og UH-bibliotek som er nettoleverandørar i fjernlånssamarbeidet, skulle verte kompenserte for meir arbeidet. Høringsnotatet nemner at ein stadig større del av UH-biblioteka sine mediebudsjett er bundne til lisensavtaler for digitalt materiale, og det «reiser opphavsrettslige problemstillinger med hensyn til fjernlån». Hindringane for fjernlån gjeld mellom UH-bibliotek og folkebibliotek og mellom UH-biblioteka. Dei største U-biblioteka har tilgang til materiale som kan vere av interesse for mindre H-bibliotek. Utfordringane ved dette ser ut til å vere større og meir akutte enn det høringsnotatet gjev uttrykk for.

Vi støttar framlegget om å la CRISTIN og Nasjonalbiblioteket gjere tilgjengelege nasjonale lisensavtaler til bruk i alle bibliotek i landet.

Vennlig hilsen

Sigmund Grønmo
rektor

Kari Tove Elvbakken
universitetsdirektør

Kopi: Kunnskapsdepartementet